

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 6. sept 2024

Stad: STIM WORK, Gol

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sigrid S. Ilsøy	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Bente R Herdlevær	Nesbyen kommune
Bjarte Reve	Hemsedal kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune.

Iselin Haugo Stavn (H)
Anders Wengen (V)
Hilde Aarø (adm)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Maria Grevsgård, programleiar Sats på Hallingdal

SAK 49/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 21. JUNI 2024**Vedtak:**

Protokollen 21. feb. 2024 er godkjent.

SAK 50/24 KRAFTLØFTET HALLINGDAL V/ NHO

Hildegunn Fallang i NHO orienterte om kraftløftet Hallingdal, sjå vedlegg

SAK 51/24 LEGEVAKTSAMARBEID I HALLINGDAL.**Vedtak:**

1. Regionrådet ber administrasjonen i samarbeid med KRU, utarbeide eit utkast til mandat for vidare utgreiing av modell for legevaktssamarbeid i Hallingdal. Mandatet kjem som sak til Regionrådet i november.
2. Før saka kjem attende, skal Regionrådet sjå på erfaringane med legevaktssamarbeidet i Valdres og informere Hallingtinget om prosessen.

TRISTANSAK 52/24 ORIENTERING OM FRAMTIDIG OPPLÆRINGSTILBOD FOR VGS I HALLINGDAL

Heidi Granli orienterte om dialogen rundt framtidig opplæringstilbod på VGS i Hallingdal. Av saker som er spelt inn i denne dialogen er, spørsmål om det er mogeleg å få til eit løp med kreative studiar, studiespes med helse som fordjuping, at dei to VGS i Hallingdal samarbeider tettare og korleis ein skal utnytte potencialet som ligg i at over 100 personar som dreg ut av dalen for å gå på andre skular.

Regionrådet drøfta også forslag om kutt i VGS. Det er eit administrativt forslag om å kutte både skular og studieretningar. Administrasjonen legg fram si innstilling 4 nov. og Fylkestinget skal behandle budsjettet i desember.

Vedtak:

1. Regionrådet ønskjer å få til eit snarleg møte mellom rektorar på VGS, regionråd og fylkespolitikarar der skule er tema.
2. Regionrådet meiner det er uakseptabelt å kutte så mykje i budsjettet til dei to VGS i Hallingdal og at me må sende fleire av våre unge ut av dalen for å gå på skule. Det er også uakseptabelt at dei studieretningane med størst søknad eller størst attraktivitet for lokalsamfunn og næringsliv blir ramma. Det er ikkje alle elevar som vil gå på studiespes. Me skal likevel sjå på dimensjonering i høve til demografisk utvikling og omorganisering, samt fokusere på å få fleire elevar som studerer utanfor dalen, attende til dalen.
3. Rådsordførar og dagleg leiar lagar lesarinnlegg snarast.

SAK 53/24 ORIENTERING OM FOU RAPPORT OM KI OG DIGITALISERING V/KS

Tristan Rolstad i frå KS orienterte om FOU rapporten om KI og digitalisering. Sjå vedlegg

Vedtak:

Regionrådet ønskjer, gjennom rulleringa av strategisk plan, å få fram konkrete forslag til korleis KI kan takast i bruk og nyttegjerast i kommunane.

SAK 54/24 KI-LAB. ERFARINGAR OG VIDARE FINANSIERING

Gunn Eliassen og Pål Rørby orienterte om erfaringane frå første runde av KI- lab prosjektet.

Vedtak:

Regionrådet ber administrasjonen i samarbeid med KI-laben om å legge fram eit forslag til finansiering av neste runde på KI-lab.

SAK 55/24 SAMFERDSEL - VEGEN VIDARE ETTER NTP BEHANDLING

Jan Olav orienterte om siste utvikling på samferdselsfronten: Samferdselsdepartementet har pålagt Statens Vegvesen å utsette porteføljeprioritering frå 2024 til revidert budsjett våren 2025. Det kan bety utsetting på bompengeproposisjonen. Samferdselsutvalet jobbar med å få både Vegpakke Hallingdal og FRE 16 inn på statsbudsjettet for 2025. Skal ha møte med SVV om dette denne veka.

Det regionrådet jobbar for er

- Oppstartsløyving til vegpakke Hallingdal – dvs få løyving på det midlane som ligg i NTP for å løyse ut bompengeproposisjon.
- Løyving for å koma i gong att me FRE 16 – det er ingen som jobbar med dette prosjektet i dag.

Samferdselsutvalet skal møte transportkomiteen med dette som tema seinare i haust, og så er det viktig at Hallingdal jobbar politisk inn mot eigne parti.

SAK 56/24 INNSPEL TIL BUSKERUD FYLKESKOMMUNE SIN BUDSJETTPROSESS**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal tek innspel til budsjett 2025 i Buskerud fylkeskommune til orientering, og ønskjer i tillegg til Hallingbuss og linje 330 frå Geilo til Gol og å ha inn ein setning vedrørende rute 360 Hemsedal -Gol.

SAK 57/24 YRKESMESSE 2025, FINANSIERING**Vedtak:**

Regionrådet løyver inntil kr 300 000 som delfinansiering av yrkesmessa 2025. Midlane skal takast frå disposisjonsfondet.

SAK 58/24 MØTEPLAN 2025**Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal vedtek følgjande møteplan for 2025

Dato	Stad	Møte
Onsdag 29/1	Hemsedal	Regionråd
Fredag 21/2	Ål	Regionråd
Mandag 24 - tysdag 25/3	Kamben	Regionråd
Tysdag 22 - onsdag 23/4	Hemsedal	Hallingting
Fredag 23/5	Nesbyen	Regionråd
Fredag 13/6	Flå	Regionråd
Fredag 29/8	Ål	Regionråd
Fredag 26/9	Hol	Regionråd
Torsdag 30-fredag 31/10	Gol	Hallingting
Fredag 28/11	Flå	Regionråd
Fredag 19/12	Nesbyen	Regionråd

SAK 59/24 DELTAKING I KAMPANJE: "FREMTIDENS BUSKERUD" I FINANSVISEN

Vedtak:

Regionrådet ønskjer ikkje å delta i kampanja «Fremtidens Buskerud» i Finansavisen

SAK 60/24 EVENTUELT

Forliksråd

Saka om felles forliksråd kjem som sak i neste møte eller som sak på epost før 15. okt.

Kommunane må melde inn sine kandidatar så snart som råd.

Samarbeidskulturen i Hallingdal

- Me drøfta korleis me kan betre samarbeidet i Hallingdal og var innom følgande
- Me må i større grad prioritere oppmøte på regionale møte – på alle nivå – beordre
- Leiarssamling der regionalt samarbeid er i fokus og t.d. leiargruppene i kommunane + ordførarar samlast for å lære, legge strategiar, tenke framtid
- Prioritere det sosiale som gjer at samarbeid skilr lettare.
- Jobbe meir med kommunikasjon og dialog og me kan jobbe med å bli rausare mot kvarandre, få større forståing for kvarandre både profesjonelt og personleg.
- Arbeide med langsiktige strategiar med oppbygging og nedbygging av tiltak for å unngå den situasjonen me er i no (legevakt, IMA, etablerarsenter, lokaliseringsspørsmål osv)
- Studietur
- Drøfte korleis me taklar dei økonomiske forskjellane i dalen.

Hallingdal 6. sept. 2024

Jan Olav Helling

Dagleg leiar